

SKIAKTIVITETAR VINTEREN 2018

I vinter satsar me på å arrangere langrennscupen på Kvamme dersom det ikkje vert elendige snøtilhøve.

Merk: Renna vert arrangert laurdagar også i år. Mange ønskjer å vere med på alpintreninga på søndagar.

1. cuprenn	20.januar	kl. 13.00	påmelding 12.30-12.45
2.cuprenn	03.februar	kl. 13.00	påmelding 12.30-12.45
3.cuprenn	17.februar	kl. 13.00	påmelding 12.30-12.45
4.cuprenn	03.mars	kl. 13.00	påmelding 12.30-12.45

Startkontingent kr. 40,-

Premiering vert som før: Deltakarpremie til alle etter tal renn ein tek del i.

Det vert trekt ut gåvekort a kr. 500,- mellom deltakarar i alder 11 til 16 år (fom 5.kl.- tom 10.kl.) som har gått 3 eller 4 renn.

Det er høve til å gå til Norsk Skimerke på alle renn.

Premieutdeling/sesongavslutning vert arrangert til våren.

Me vil prøve å gje eit tilbod om skiskule/skitrening i grunnleggjande skiteknikk, meir informasjon kjem seinare.

Sjølvsagt tek me atterhald om ver- og føretilhøve.

Følg med på buiborgund.no og LIL sine nettsider.

Dei som er interessert i å samle km - nytt Barnas Skimerke sjå nsf.no

Arr.: LIL skigruppa

Alltid blid – ut på ski!

